

Felles FAU møte for Ulsåk og Tuv bhg

Stad: Tuv barnehage, avdeling Kroken

Tid: Torsdag 13. Mars kl. 19.30-21.30

Til stades frå FAU: Merete Haugo , Amanda Myrsell, Aleksander Lieungh Østreng, Kia Sandra Simonsen, Eline Guren, Line, Maren Holthe Gyllenhammar, Fredrik Blom, Frode Dokk, Iver Rotneim Gjestemoen

På teams: Dorthé Louise Sagen og Sunniva Sausjord

Frå barnehagen: Trude Taafe og Monika Randar

Me starta møtet med litt felles saker:

- Drift av barnehagane hausten 2025
 - Tilby plass til fleire på Tuv for å frigjere ei avdeling på Ulsåk. Dette gjer det også lettare å gjennomføre drift under byggeperioda og me skal sjølvstendig også samarbeide om året 2026-2027.
 - I opptaket 2025 vil me vurdere både alder, bustad, søsken og venskap.
 - Me prøver å vere i forkant og gjere så få flyttingar som mogleg og det er viktig at personalet og føresette samarbeider godt om dette for å få ei best løysing for alle.
 - Borna toler dette og det er viktig at føresette også er trygge på at dette blir bra. Me skal gjere overgangen god for alle og dei det gjeld vil bli inviterte på besøk til Tuv gjennom sommaren.
 - Det er også veldig positivt for Tuv å få litt større grupper i ulike aldrar, så borna har litt fleire å spele på. Det vil fortsatt vere 4 avdelingar i barnehageåret 2025-2026.
- Kokk i barnehagane
 - Ulsåk har 40% kokk. Tuv ynskjer også å gå inn på ei slik ordning. Men me må ha dekning for det i budsjettet. Tuv har kartlagt interesse frå føresette i høve kostpris og kor viktig det er med kokk. Det har også komme fram som ynskje frå personalet.
 - Jobbe for å få ressursane som er overført frå regjeringa til auka bemanning i barnehage. Desse er ikkje øyremerka, og me ynskjer å ha eit felles SU møte for å lyfte denne saka politisk.
- Felles arrangement på fritida:
 - Positivt å samle dei eldste i begge barnehagane for at borna skal møtast og verte kjende.
 - Viktig at barnehagen også har fokus på aktivitetar på tvers.
 - Maren og Merete tek denne saken vidare.

Etterpå delte me uss og jobba vidare barnehagevis.

Tuv:

- Gå gjennom brukarundersøkinga

-Vise skår samla for barnehagen:

Skårar lågast på:

Barnehagens mattilbud (4,2)

Barnehagens uteområde (4,3)

Barnehagens lokaler (4,3)

Skårar høgast på:

Relasjon barn/voksen (5,0)

Total tilfredshet (4,9)

Henting og levering (4,9)

Barns utvikling (4,9)

Me har generelt veldig høge skår og vil fortsetje å gjere bra det me er gode på, og prøve å gjere enda betre det me skåra lågare på. Dette vil me jobbe vidare med saman med føresette.

- Me gjekk gjennom resultat frå Forms-undersøkinga om mattilbod

Den viser at føresette stort sett er fornøgde med maten som blir levert, nokon ynskjer meir varmmat og det er generelt ynskje om mindre brødmatt og sunn mat. Det er også eit ynskje at barnehagen kan tilsette kokk. Dette er også noko som vert fremja av personalet sjølve. Dersom det skal vere aktuelt kan ein sjå for seg at ein av personalet som har god kunnskap om sunn og riktig mat vert frikjøpt i 40% for å lage varmmat til alle avdelingane, og evt. bake brød.

Ref. Monika 😊